

# Prinsipp- program og vedtekter



Vedteke av landsmøtet i november 2019  
fo.no




## Del 1: Prinsippogram

|   |           |
|---|-----------|
| Innleiing   | .....s. 5 |
| 1. Lønn, arbeidstilhøve og arbeidsmiljø               | .....s. 7 |
| 2. Profesjonspolitisk arbeid                          | .....s.10 |
| 3. Helse- og sosialpolitikk                           | .....s.12 |
| 4. Kvinnepolitikk                                     | .....s.15 |
| 5. Internasjonalt arbeid og internasjonal solidaritet | .....s.16 |

## Del 2: Vedtekter

|                                      |           |
|--------------------------------------|-----------|
| §1. Organisasjon                     | .....s.21 |
| §2. Formål                           | .....s.21 |
| §3. Medlemskap                       | .....s.21 |
| §4. FOs organisasjonsledd            | .....s.22 |
| §5. Landsmøte                        | .....s.22 |
| §6. Ekstraordinært landsmøte         | .....s.25 |
| §7. Landsstyret                      | .....s.25 |
| §8 Arbeidsutvalet                    | .....s.27 |
| §9. Seksjonane                       | .....s.28 |
| §10 Komitear, råd og utval           | .....s.29 |
| §11. Fylkesavdelingane               | .....s.31 |
| §12. Klubbar                         | .....s.38 |
| §13. FO-studentene                   | .....s.40 |
| §14. Kvotering                       | .....s.40 |
| §15. Tidsskrift                      | .....s.40 |
| §16. Økonomi/kontingent              | .....s.40 |
| §17 Rekneskap/revisjon               | .....s.41 |
| §18 Uravstemming over tariffresultat | .....s.41 |
| §19. Stønad under arbeidsstans       | .....s.42 |
| §20. Utmelding                       | .....s.42 |
| §21. Suspensjon/eksklusjon           | .....s.42 |
| §22. Vedtektsendringar               | .....s.43 |
| §23. Avvikling av FO                 | .....s.43 |

# Prinsipp- program



## Innleiing

Fellesorganisasjonen (FO) organiserer barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar.

- Hovudmålet til FO er å betre lønns- og arbeidsforholda til medlemmene og ta vare på dei profesjonsfaglege interessene deira.
- Forbundet skal arbeide for å vise kor viktig kompetansen til medlemmene er, og synleggjere rolla profesjonane har som viktige premissleverandørar og bidragsytarar i velferdsstaten.
- FO skal drive politisk påverknadsarbeid på sentrale politikkområde.
- Forbundet har ein tydeleg verdiforankra politikk.
- FO er partipolitisk uavhengig og for ei fri og uavhengig fagrørsla.
- FO er tilslutta LO og har organisasjonsretten for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar.
- FO skal vere ei open, synleg og profilert fagforeining. Organisasjonsbygging, skolering av tillitsvalde og rekruttering skal stå sentralt.
- FO skal vere eit naturleg val for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar, i tillegg til studentane.

## Verdiforankringa i FO

FO er både ei fagforeining og eit profesjonsforbund. Dette pregar arbeidet vårt og politikken vår. Som fagforeining møter vi dagleg utfordringar som har å gjere med lønns- og arbeidsvilkåra for medlemmene og vilkåra for profesjonsutøving. FO har eit humanistisk og demokratisk verdigrunnlag.

## Ein velferdsstat bygd på solidaritet, likeverd og rettar

Profesjonane i FO har vakse fram parallelt med den norske velferdsstaten. Fagrørsla har vore sentral i å byggje velferdsstaten med verdiar som solidaritet og kollektive løysingar. Velferdstenestene skal finansierast av det offentlege. Det er eit offentleg ansvar å sørge for at velferdstenestene er av høg kvalitet, og at dei er universelle, skattefinansierte, differensierte og tilgjengelege for alle. Styringa og leiinga av tenestene til velferdsstaten skal vere baserte på tillit til kompetansen og det faglege skjønnem til dei tilsette. FO skal kjempe mot fattigdom og ulikskap i levekår, og aktivt forsvare og utvikle velferdsstaten vidare.

Eit demokratisk samfunn bygd på likskap og rettferd føreset inkludering. Heile befolkninga skal ha høve til å delta i samfunnsutviklinga. Aktuelle konvensjonar inneheld verdiar som

FO vil skal gjelde alle. FO forsvare individuelle fridomar som yringsfridomen og organisasjonsfridomen.

Full likestilling mellom kjønna og likebehandling av menneske uavhengig av sosial og økonomisk status, seksuell orientering, funksjonsevne, alder, livssyn, etnisk bakgrunn eller kultur er viktige mål for forbundet.

FO anerkjenner kampen den samiske befolkninga fører for å få rettar som urfolk.

### **Eit samfunn i pakt med miljøet**

Klima- og miljøproblem påverkar livsgrunnlaget til alle menneske og skaper helse- og sosialproblem. Utfordringane rammar i stor grad dei som allereie har det tøffast. Aktivitetar som skader klimaet, skal reduserast, mens fornybar energi, energisparing og aktivitetar som er miljømessig berekraftige, skal aukast. Dette skal skje på ein planmessig måte som held ved lag den sosiale og økonomiske tryggleiken til den enkelte. Måten vi lever og arbeider på, endrar seg, og store samfunnsendringar må til.

Plikter og rettar må fordelast solidarisk, og alternative løysingar må utviklast. Vi har alle ansvar for å medverke til nødvendige endringar i samfunnet. FO skal ta vare på miljøet og handle miljømedvite. Alle ledd i organisasjonen har ansvar for dette.

### **Respekt for enkeltmenneske og rett til eit verdig liv**

I møtet mellom brukaren og helse- og sosialarbeidaren, mellom hjelp og kontroll, frivilligheit og tvang, individ og samfunn må medlemmene i FO handtere etiske dilemma. Respekten for kvart enkelt menneske og retten til eit verdig liv er grunnleggjande. Likeverd og inkludering, sjølvråderett og engasjement, tryggleik, openheit og omsorg er sentrale verdiar som må liggje til grunn for praksisen til profesjonsutøvarane. Kvar enkelt FO-medlem er ansvarleg for sine eigne handlingar og for å utvikle seg som profesjonsutøvar gjennom etisk, fagleg og juridisk refleksjon over eigen praksis. FO-medlemmene skal jobbe i tråd med det yrkesetiske grunnlagsdokumentet for FO. Alle menneske har rett til å definere seg sjølve. FO anerkjenner ein tredje kjønnskategori.

Medlemmene i FO har eit ansvar for å varsle om forhold som skaper sosiale problem og medverkar til sosial utstøying og uverdige livsvilkår.

## **1. Lønn, arbeidstilhøve og arbeidsmiljø**

Ein solidarisk og rettferdig lønnspolitikk skal liggje til grunn for tariffpolitikken til FO. Trepertssamarbeidet føreset ein høg grad av organisering i arbeidslivet. Samarbeidet er berande i den norske modellen og sikrar god involvering, og forpliktar partane til å skape kvalitet i tenestene. Fagorganisering og faglege rettar er grunnpilaren for eit velfungerande og godt arbeidsliv. Lov- og avtaleverket skal sikre dette.

FO skal forsvare ei sterk arbeidsmiljølov og gode kollektive avtalar.

FO skal ta vare på tariffavtalen si tyding og bevare streikeretten. Ein god arbeidslivspolitikkk skal ta vare på alle arbeidstakarar i eit livsløpsperspektiv.

### **1.1 Solidarisk og rettferdig lønnspolitikk**

Lønna skal i hovudsak fastsetjast sentralt. Dersom lokal lønnsdanning blir eit supplement til sentral lønnsdanning, skal det leggjast sterke føringar i tråd med lønnspolitikken til FO.

Omsynet til likelønn skal vere sentralt i alle delar av lønnsdanninga, også lokalt. Frontfagsmodellen skal ikkje vere til hinder for å gi kvinnedominerte grupper i offentleg sektor eit likelønnsloft. Offentleg sektor skal derfor få auka rammer.

### **Kvinner og menn skal ha lik lønn for same arbeid og arbeid av lik verdi**

Kvinnedominerte yrke og næringar blir lågare verdsette trass i at krava til kompetanse og lengda på utdanninga er dei same. Dette er verdsetjingsdiskriminering som inneber at lønnsforskjellar i stor grad følgjer ein kjønnsdelt arbeidsmarknad. FO kjempar mot ulik lønn mellom langtidsutdanna i privat og offentleg sektor, og mellom kvinnedominerte og mannsdominerte område. Lønna innanfor det same forhandlingsområdet skal vere lik for likeverdige grupper.

### **Utdanning og kompetanse skal lønne seg**

Utdanning på alle nivå, og relevant yrkeserfaring og ansiennitet, skal gi utteljing på lønna. Ansvar og leiarskap skal gi utteljing på lønna.

### **Velferdstenester skal ikkje drivast av omsyn til profit**

Velferdstenestene skal i hovudsak drivast av det offentlege og ideelle, og ikkje av verksemder som blir drivne av profittomsyn. Verksemder skal ikkje «tariffhoppe» for å unngå gode tariffavtalar, det svekkjer lønns- og arbeidsvilkåra til arbeidstakarane.



Tariffavtalane skal harmoniserast etter bransje.

Tillitsvalde skal ha lovfesta rett til innsyn i arbeidsavtalar og lønns- og arbeidsforhold. Dette gjeld også ved konkurranseutsetjing og privatisering av tenester. Norske lønns- og arbeidsvilkår skal gjelde for alle som arbeider i Noreg, og FO skal arbeide mot sosial dumping.

### 1.2 Gode arbeidsforhold

Arbeidsforhold skal vere regulerte gjennom eit sterkt lov- og avtaleverk som sikrar god medbestemming. Faste tilsetjingar, heile stillingar og normalarbeidsdag er norma.

#### Faste tilsetjingar og heile stillingar skal vere ein lovfesta rett.

Normalarbeidsdagen er eit viktig prinsipp for arbeidstidsregulering. Ein regulert normalarbeidsdag skal sikre lønsmessig kompensasjon for ulagleg arbeidstid. FO ønskjer ein reduksjon i arbeidstida der målet er 6 timars normalarbeidsdag / 30 timars veke med full lønnskompensasjon.

Alternative arbeidstidsordningar skal ha minst like gode vilkår som ordinære arbeidstidsordningar. Fagforeiningane skal forvalte innstillingsretten sentralt. Det blir stilt krav om strenge faglege grunngevingar og om at omsynet til helse, miljø og tryggleik blir teke hand om når ein innfører alternative arbeidstidsordningar. All arbeidstid der arbeidstakaren står til disposisjon, skal telje fullt ut som arbeidstid og lønnast deretter.

#### Gode permisjonsrettar

Ein solid og likestilt foreldrepermisjon, delt mellom foreldra, er sentral for å oppnå eit meir likestilt arbeids- og familieliv. Ein solid foreldrepermisjonskvote til far eller medforelder er framleis nødvendig. Alle skal ha sjølvstendig rett til opptening av fødselspengar. Den som har tyngjande omsorgsoppgåver, må få gode permisjonsrettar med lønn.

#### Gode pensjonsordningar

Folketrygda, AFP og tenestepensjonsordningane må sikre ein trygg og verdig alderdom for alle. Pensjonsopptening skal skje frå første krone, og alderspensjonen til uføre må stå i eit rimeleg forhold til alderspensjonen til arbeidsføre. Ein må sjå på om levealdersjusteringa som blei innført med pensjonsreforma, på sikt fører til så store ulikskapar i pensjonsnivå at det blir uforeinleg med eit solidarisk samfunn. Studium skal godskrivas med pensjonspoeng.

Påslagsordninga som er avtalt i offentleg sektor, må ta hand om behova til dei ulike arbeidstakargruppene, og evalueringa som skal gjennomførast innan 1.1.2030, må spesielt vurdere konsekvensane for dei som har behov for å gå av tidleg.

Eit inkluderande arbeidsliv inneber tilrettelegging i alle livsfasar. Ein god personalpolitikk handlar først og fremst om ein god arbeidslivspolitikkk der arbeidsmiljø, arbeidsvilkår, verdsetjing og høve til å utvikle seg er med på å gjere det mogleg for arbeidstakarar å stå i arbeid fram til pensjonsalderen.

#### Arbeidsgivaren skal leggje til rette for fagleg utvikling

Faglege karrierevegar i arbeidssituasjonen medverkar til at vi beheld erfaring og høg kompetanse nær brukarane. Det skal etablerast system som legg til rette for fagleg oppdatering gjennom vidareutdanning og kompetanseutvikling for alle tilsette. Alle tilsette skal sikrast god oppfølging. Alle må få tid og høve til rettleiing, og høve til etisk og kritisk refleksjon i profesjonsutøvinga.

### 1.3 Trygt arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet skal førebyggje stress, tidspress, mobbing og konfliktar, og forhindre belastningsskadar. Arbeidstakarane skal ha eit sterkt vern mot denne typen arbeidsmiljøbelastning, i tillegg til vern mot vald, truslar og netthets. Arbeidsgivaren skal ta hand om dette som ein del av arbeidsmiljøpolitikken sin.

Yrkesskaderettane skal forbeholdast, og arbeidstakarar skal sikrast eit hurtig og forsvarleg oppgjær. Belastningsslidningar, både fysiske og psykiske, må godkjennast som yrkessjukdom.

Arbeidstakarar som varslar om kritikkverdige forhold, skal vernast mot sanksjonar. Varslingsreglane i arbeidsmiljølova skal følgjast opp i tråd med intensjonane, slik at arbeidstakarane er sikra full ytringsfridom.

## 2. Profesjonspolitisk arbeid

### 2.1 Oppgåvene til velferdsstaten skal løysast på fagleg forsvarleg vis og med god kvalitet i tenestene

Medlemmene i FO skal vere premissleverandørar for teori- og tenesteutvikling og medverke til å sikre god kvalitet i velferdstenestene. Barnevernspedagogar, sosionomar og vernepleiarar skal vere autoriserte. Bemannings- og kompetansenormer som pålegg tenestene å skape gode rammevilkår for fagutøvinga, skal lovfestast.

Profesjonane har ulik kompetanse, utfyller kvarandre og har som samfunnsmandat å sikre tenester av høg kvalitet til menneske i utsette livssituasjonar.

Samfunnsmandatet til profesjonane inneber at ein har eit kritisk blikk på dei verdiane og rammene som til kvar tid styrer samfunnet. FO-medlemmene er også politiske aktørar og skal påverke rammevilkåra for arbeidet, og dei skal melde frå når tiltak og tenester får uheldige konsekvensar for grupper eller enkeltpersonar.

Det er viktig at kompetansen til dei enkelte profesjonane, både gjennom profesjonsutdanninga og vidare profesjonsutvikling, dekkjer kompetansebehova i fagfelta. Ambisjonane for kvalitet i den profesjonelle kompetansen og profesjonsidentiteten må vere høge. Godkjenningsordningane i FO er med på å sikre rett kompetanse og god kvalitet i velferdstenestene.

### 2.2 God kvalitet på utdanningane sikrar gode profesjonsutøvarar

Utdanning og kompetanseutvikling skal sikre at kompetansen til studentane og profesjonsutøvarane fyller samfunnsmandatet til profesjonane og gir fagleg tryggleik. Profesjonsutdanningane skal ha tilstrekkeleg finansiering. Det skal sikrast at eit fleirtal av dei tilsette i profesjonsutdanningane har utdanning som svarer til profesjonen som studentane utdannar seg til. Utdanningane skal omfatte ei reell og forsvarleg vurdering av om den enkelte er skikka til å utøve profesjonen.

Det faglege innhaldet i utdanningane, kvalitetsnivået, omfanget og utdanningslengda, skal møte behova til både tenestene og brukarane. Den spesifikke kompetansen innanfor profesjonsutdanningane skal gjerast tydelege, og det tverrfaglege samarbeidskompetansen styrkjast, slik at dei utfyller kvarandre i helse- og sosialtenestene.

Nasjonale strukturar skal sikre medlemmene høve til kompetanseheving på ulike nivå: etter- og vidareutdanning, klinisk kompetanse, mastergrad, doktorgrad og så vidare.

### 2.3 Utdanningane må vere praksisnære og forskingsbaserte

Utdanning og praksisperiodar skal gi studentane eit reelt innblikk i praksisfeltet, og dei skal følgjast opp av kvalifisert rettleiar, fortrinnsvis frå eigen profesjon. Tenestestadene skal forpliktast til å ta imot studentar i praksisstudium og leggje til rette for rettleiing og eit godt læringsmiljø.

FO vil ha ein heilskapleg gradsstruktur med bachelor, master og doktorgrad. Både tverrfaglege mastergradar og profesjonsmastergradar skal kunne leie fram til doktorgrad. Det skal systematisk byggjast opp sterke kompetanse- og forskingsmiljø ved utdanningsinstitusjonane. Ein føresetnad er at det blir etablert stipendiat- og doktorgradsstillingar som blir prioriterte til profesjonane som FO organiserer.

Forskning og utviklingsarbeid innanfor helse- og sosialtenestene skal styrkjast og utførast i samarbeid med tenestene.



### 3. Helse- og sosialpolitikk

FO skal vere ein aktiv helse- og sosialpolitisk aktør. FO skal motverke utviklinga av samfunnsstrukturar som skaper større forskjellar, fattigdom, sosial ulikskap, uverdige livsvilkår og sosial utstøying. Noreg skal vere eit land utan fattigdom. Deltaking på arbeidsmarknaden er grunnleggjande for sosial utjamning og førebygging av fattigdom.

Personar med særskilde behov skal sikrast individuelt tilrettelagde tenester frå yrkesutøvarar med høg fagleg kompetanse på fagområdet. Tenestene må vere baserte på tverrfagleg samarbeid. Brukarar av velferdstenester er viktige bidragsytarar i arbeidet med å forbetre og utvikle tenestene. Å vere ressurs og aktør i eige liv er ein føresetnad for utvikling og endring. Sjølvbestemming og medverknad skal sikrast.

#### 3.1 Høg kvalitet og tilgjengelege velferdstenester for alle

Ein velferdsstat bygd på solidaritet og likeverd er ein viktig føresetnad for å oppnå og halde ved lag eit samfunn som er godt for alle. FO meiner velferdsordningane i størst mogleg grad skal vere universelle og i offentleg regi. Samtidig er det nødvendig å ha spesifikke ordningar retta inn mot enkeltpersonar og grupper med særskilde behov. Den skattefinansierte velferdsstaten generelt, og trygdeordningar spesielt, er avgjerande for å oppnå målet om eit samfunn der alle har dei same rettane og moglegheitene for å delta.

Ideelle organisasjonar er eit supplement til velferdstenester i offentleg regi. Ideelle og kommersielle tilbod skal regulerast av det offentlege. Driftsoverskot skal brukast til å utvikle tenesta vidare. Ideelle organisasjonar skal ha stabile vilkår og ikkje leggast inn under marknadsbaserte, kommersielle anbudsordningar. Drift av sjukehus skal sikrast betre folkevald styring og kontroll.

Alle i Noreg skal bu trygt, ha ein akseptabel bustandard og vere i stand til å betale buutgiftene sine. Det er viktig å førebyggje og kjempe mot bustadsløyse, og bustadsosialt arbeid skal vere eit prioritert område.

#### 3.2 Sterke lokalsamfunn

Kommunalt lokaldemokrati sikrar innbyggjarane god velferd. Gode lokalsamfunn blir bygde ved at kommunane får tydeleg ansvar og nok ressursar til å yte gode tenester, og dette legg grunnlaget for deltaking og demokrati. Eit sterkt lokalstyre føreset openheit, innsyn og høg grad av deltaking. Endringar i kommunestrukturen skal vere baserte på samtykke.

Politisk merksemd om kommunale velferdsoppgåver, med klare målsetjingar og nødvendige økonomiske prioriteringar, gir gode velferdstenester som resultat. Evna kommunane har til å løyse velferdsoppgåvene, er avhengig av om kommunane har rett kompetanse nær befolkninga.

#### 3.3 God oppvekst for barn og unge

Alt arbeid med barn skal skje i tråd med FN's barnekonvensjon. Konvensjonen skal liggje til grunn for barnets stilling som eige rettssubjekt. Konvensjonen skal vere kjend for dei som arbeider med barn, unge og familieane deira, i tillegg til at barn og unge sjølve skal kjenne han. Innverknad og medverknad skal sikrast på alle arenaer og samfunnsområde og i viktige avgjerder som handlar om barn.

Barnevernet er sikringsnett i samfunnet for retten barn og unge har til ein god oppvekst. Barnevernlova skal gjelde for alle barn som oppheld seg i Noreg. Reglane om ettervern i lova må styrkjast og gjelde til ungdommen er 25 år.

Dei sjølvstendige rettane barna har, skal styrkjast, og lova skal sikre at krava barna har til vern, skal ha forrang framfor krava foreldra har til omsorgsansvar og samvær.

Formålet med barnevernlova skal følgjast opp politisk og ressursmessig.

#### Barn skal ha likeverdige tilbod og gode og trygge oppvekstvilkår

Alle oppvekstarenaer skal vere tilgjengelege for alle barn uavhengig av økonomien til foreldra, og i hovudsak skal dette vere eit offentleg ansvar. Samfunnet har eit særleg ansvar for barn som lever i utsette situasjonar. Familiar til barn med omfattande behov for hjelp skal få avlastning og bli tekne vare på med gode rammevilkår for familielivet.

#### Tidleg innsats for gode oppvekstvilkår

Gode barnehagar, skular og skulefritidsordningar er sentralt for alle barn. Tidleg innsats er med på å førebyggje psykiske og sosiale utfordringar seinare i livet. Tverrfagleg kompetanse på desse arenaene er eit viktig verkemiddel for at alle barn skal kjenne seg trygge, og føle at dei høyrer til, ha god utvikling og betre læringsvilkår. Tenestene skal vere spesialiserte, koordinerte og tverrfaglege, og fungere som reelle tryggingsnett.

FO krev nulltoleranse for mobbing både fysisk og digitalt på alle arenaer der barn og ungdom ferdast.

### 3.4 Eit inkluderande samfunn med like rettar og moglegheiter for alle

Ein grunnleggjande føresetnad for eit inkluderande samfunn er likebehandling av menneske uavhengig av kjønn, seksualitet, funksjonsevne, livsfase, livssyn, etnisk bakgrunn og kultur. Eit individuelt tilpassa tenestetilbod krev at helse- og sosialarbeidarar har evne og kunnskap til å jobbe innanfor ulike kulturelle rammer. Noreg skal føre ein human flyktning- og asylpolitikk i tråd med tilrådingar frå FN og internasjonale konvensjonar.

Deltaking i arbeidslivet skaper sosial tilhøyrslø og inkludering. Offentlege tenesteytarar skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga, og det må stimulerast til at fleire menn vel helse- og sosialfaglege utdanningar og yrke. Arbeidslivet skal ha rammevilkår som legg til rette for at personar av ulike kjønn kan delta i alle delar av arbeidslivet.

Personar med nedsett funksjonsevne får ikkje oppfylt dei grunnleggjande menneskerettane sine. Noreg må likestille menneskerettane for funksjonshemma med andre. Derfor må CRPD (FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne) innarbeidast i norsk lov.

### 3.5 Ingen skal utsetjast for vald, menneskehandel og seksuell trakassering

Det er eit offentleg ansvar å redusere omfanget og skadeverknadene av vald i nære relasjonar, seksuelle overgrep og trakassering, tvangsekteskap, kjønnslemlesting og prostitusjon.

## 4. Kvinnepolitikk

FO er ein feministisk organisasjon og er særleg oppteken av kvinne- og likestillingspolitikk. Dei viktigaste utfordringane for likestilling kjem av samfunnsstrukturar som må endrast. Avdekking og motarbeiding av kulturar, haldningar og strukturar som fører til kvinneundertrykking, er viktige element i arbeidet for å oppnå reell likestilling.

### Posisjonen til kvinner i arbeidslivet skal styrkjast

FO er som fagforeining særleg oppteken av å styrkje posisjonen til kvinner i arbeidslivet. FO ønskjer eit samfunn der personar uavhengig av kjønn har like rettar, plikter og påverknadskraft i arbeidslivet, samfunnet og heimen. Økonomisk sjølvstende er ein føresetnad for likestilling. Arbeidslivet skal ha rammevilkår som legg til rette for at kvinner kan delta. Kvinner skal rekrutterast inn i leiarstillingar.

### Kvinnedeltakinga i FO og LO skal auke

Auka kvinnedeltaking i eigen organisasjon, og i fagrørsla elles, føreset gode rammevilkår som legg til rette for at kvinner kan delta, og som krev eit særleg kvinnepolitisk perspektiv.

### Tiltak for å forhindre vald og overgrep skal styrkjast

Kvinner er særleg utsette for vald i nære relasjonar, seksuelle overgrep, seksuell trakassering, tvangsekteskap, kjønnslemlesting, menneskehandel og prostitusjon. Dette er i stor grad knytt til maktubalanse.

Førebygging, hjelpetiltak og vern av varslarar skal styrkjast.



## 5. Internasjonalt arbeid og internasjonal solidaritet

FOs forsvar av velferdsstaten og kollektive løysingar står i opposisjon til den marknadsliberalistiske ideologien som står sterkt i den globaliserte verda vår. Trass i at finanskriser og økonomiske nedgangstider har understreka behovet for statleg styring og kontroll med kapitalkreftene, står målet om frihandel og fri rørsle av kapital framleis sterkt i internasjonale finansinstitusjonar. FOs forsvar av velferdsstaten og kollektive løysingar står i opposisjon til ein marknadsliberalistisk ideologi som hindrar utvikling i dei fattigaste landa i verda. Det er nødvendig å styrkje det internasjonale samarbeidet for meir rettferdige handelsreglar, sletting av u-landsgjeld og auka bistand. Faglege og demokratiske rettar må styrkjast gjennom forpliktande avtalar.

### 5.1 Fagforeiningssamarbeid på tvers av landegrenser løyser internasjonale utfordringar

Verdssamfunnet står framleis overfor sterkt press for å liberalisere handelen med tenester gjennom ulike handelsavtalar og tenestedirektivet i EU. Presset på å leggje offentlege tenester ut på anbod til private firma held fram i mange kommunar, og kan støtte seg på eit internasjonalt regelverk som Noreg har slutta seg til gjennom EØS-avtalen.

EU-domstolen har dei siste åra avsagt dommar som kan opne for sosial dumping og få konsekvensar for Noreg. FO er imot EU-direktiv som undergrev rettane og goda til arbeidstakarane. Utfordringane krev at fagrørsla internasjonalt kjem med motsvar.

### 5.2 Profesjonsfagleg dialog medverkar til internasjonal fagutveksling


Ei globalisert verd fører med seg konsekvensar og byr på utfordringar for det helse- og sosialfaglege arbeidet. Migrasjon og innvandring skaper kulturelle møte som gir oss nye utfordringar. Felles arbeidsmarknad i EU/EØS-området skaper utfordringar for faglege standardar, autorisasjonsordningar og utdanningskrav. Det er viktig å skape og delta på arenaer for profesjonsfagleg dialog på tvers av landegrensene.

### 5.3 Internasjonalt solidaritetsarbeid sikrar global forståing og engasjement

I slikt arbeid møter vi situasjonar der menneskerettar og faglege rettar blir brotne, eller der krig, diktatur og undertrykking pregar kvardagen. FO støttar derfor helse- og sosialarbeidarar, i tillegg til fagforeiningskollegaer, slik at dei får høve til å organisere seg, drive politisk påverknad, fagleg kamp, fagutvikling og fagutveksling.

FO vil støtte og medverke i utviklingsprosjekt der sosialt og sosialpedagogisk arbeid er viktige element, og støtte tiltak som styrker global forståing og internasjonalt engasjement blant FO-medlemmene.

Dei bistandsprosjekta som FO engasjerer seg i, skal byggje på lokal medverknad, og ha som målsetjing at dei skal bli sjølvdrivne innan rimeleg tid.










# Vedtekter for 2019-2023



## § 1. Organisasjon

Namnet på forbundet er Fellesorganisasjonen (FO).  
FO er medlem av Landsorganisasjonen i Noreg (LO).  
FO er partipolitisk uavhengig.

## § 2. Formål

FO skal vere den leiande arbeidstakarorganisasjonen for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar. FO skal fremje lønns- og arbeidsvilkåra til medlemmene og vere leiande på helse- og sosialpolitikk, yrkesetikk og profesjonsfag.

### FO skal:

- Arbeide for å betre lønns- og arbeidsvilkåra til medlemmene
- Arbeide for ei stadig utvikling av profesjonsfaga og utdanningane
- Vere ein pådrivar i helse- og sosialpolitikk
- Arbeide for å fremje den faglege og etiske standarden til medlemmene
- Arbeide for eit solidarisk samfunn der grunnpillarane er likeverd, tryggleik og ein rett for alle til utdanning og arbeid
- Kjempe for likestilling mellom kjønna
- Kjempe mot diskriminering, undertrykking og forfølgning på grunn av alder, seksuell orientering, etnisitet, religion, livssyn eller kulturelle haldningar
- Fremje samarbeid mellom kollegaer og organisasjonar på det helse- og sosialfaglege feltet i inn- og utland
- Arbeide for at fagorganisasjonen alltid er fri og uavhengig

## § 3. Medlemskap

### Vilkår for medlemskap:

1. Fullført bachelor- eller masterutdanning innanfor barnevern, sosialt arbeid, vernepleie og velferdsfag
2. FO kan gi dispensasjon for søkjarar med samanliknbare utdanningar. Dispensasjonssøknader blir behandla av arbeidsutvalet.
3. Studentar ved godkjende utdanningsløp, jf. pkt. 1

### Medlemskategoriar:

- A. Yrkesaktive medlemmer
- B. Ikkje-yrkesaktive medlemmer
- C. B-medlemmer – yrkesaktive medlemmer (jf. pkt. 1 og 2 over) som arbeider i sektor/bransje/bedrift der forbundet ikkje har grunnlag for å opprette tariffavtale. Søknader om B-medlemskap blir behandla som i pkt. 2.
- D. Studentar ved godkjende utdanningsløp, jf. pkt. 1. Medlemmer som tek master eller anna vidareutdanning som har studiet som hovudoppgåve.
- E. Pensjonistar/stønadsmottakarar

Medlemmene er forplikta til å rette seg etter vedtektene til forbundet og yrkesetiske grunnlagsdokument.

Personar som er medlemmer av rasistiske, nazistiske og/eller fascistiske organisasjonar, eller som gir til kjenne at dei støttar desse, kan ikkje vere medlemmer av FO.

Ved flytting til utlandet får medlemmen kvilande rettar.

Yrkesaktive medlemmer i utlandet betaler kontingent som B-medlem.

Medlemmen høyrer framleis til fylkesavdelinga si.

## § 4. Organisasjonsledda i FO er:

- Landsmøtet
- Landsstyret
- Arbeidsutvalet
- Fylkesavdelingar
- Klubbar

## § 5. Landsmøtet

### § 5.1 Generelt

Landsmøtet er det høgste organet i FO.

Landsmøtet blir halde kvart fjerde år, ordinært innan utgangen av november, og blir kalla inn av arbeidsutvalet med minst 36 vekers varsel.

Medlemmer som ønskjer å fremje forslag for landsmøtet, sender det til fylkesavdelinga si. For at landsmøtet skal kunne behandle forslaget på landsmøtet, må det ha alminneleg fleirtal i representantskapet i fylkesavdelinga. Det same gjeld for forslag fremja av styret for fylkesavdelinga.

FO-studentane fremjar saker etter å ha behandla dei i sine avgjerdsorgan.

Saker som fylkesavdelingane ønskjer at landsmøtet skal behandle, skal sendast til arbeidsutvalet minst 24 veker før landsmøtet.

Saker til landsmøtet med innstilling frå landsstyret skal liggje føre og gjerast tilgjengeleg for medlemmene minst fem veker før landsmøtet.

### § 5.2 Representasjon

Landsmøtedelegatane består av 156 fylkesavdelingsdelegatar, 12 studentdelegatar, 1 delegat frå velferdsvitarane og landsstyrets medlemmer.

Tilsettere representanten i landsstyret møter med tale- og forslagsrett.

Leiara for yrkesetisk råd, kontrollkomité og valkomité møter med talerett.

Representantskapet i fylkesavdelingane vel dei 156 fylkesavdelingsdelegatane til landsmøtet. FO er delt inn i 33 valområde, slik at alle seksjonsmedlemmene i kvar fylkesavdeling utgjer eitt valområde.

Kvart valområde får tildelt éin delegat uavhengig av medlemstalet. Resten av delegatane blir fordelte prosentvis mellom valområda på bakgrunn av medlemstalet per 01.04. same året som landsmøtet blir halde.

Delegasjonen til alle fylkesavdelingane må utgjere minst 50% kvinner.

FO-Studentane vel 12 delegatar. Blant desse skal alle bachelorutdanningane, jf. § 3.1, vere representerte.

Landsstyret vel éin person frå velferdsvitarutvalet som delegat til landsmøtet. Delegaten stiller med fulle rettar.

Landsmøtedelegatane må vere à jour med medlemskontingenten. Fullmaktene skal vere skrivne under av to av medlemmene i fylkesavdelingsstyret. Fullmaktene til studentdelegatane skal vere skrivne under av leiaren for FO-Studentene.

Arbeidsutvalet oppnemner ein fullmaktskomité som granskar fullmaktene og legg fram innstillinga si for landsmøtet, som gjer endeleg vedtak om godkjenning av fullmaktene.

FO dekkjer reise- og opphaldsutgifter for dei landsmøtedeltakarane som er kalla inn.

### § 5.3 Dagsorden

1. Opning
2. Lovlegvurdering av innkallinga
3. Konstituering
  - 3.1 Val av dirigentar
  - 3.2 Val av sekretærar
  - 3.3 Val av protokollkomité på 3 medlemmer
  - 3.4 Val av redaksjonskomitear
4. Godkjenning av fullmakter
5. Godkjenning av saksliste, dagsorden og forretningsorden
6. Årsmeldingar
7. Rekneskap
8. Saker lagde fram av eller gjennom landsstyret
9. Prinsippogram
10. Økonomi
  - 10.1 Økonomiske prioriteringar for perioden
  - 10.2 Fastsetjing av kontingent
11. Val av
  - 11.1 Arbeidsutval: forbundsleiar, nestleiar og tre AU-medlemmer med ansvar for å leie profesjonsråd. Alle blir valde ved særskilde val.
  - 11.2 Fylkesavdelingsrepresentantane til landsstyret: 11 fylkesrepresentantar til landsstyret: éin representant og to vararepresentantar frå kvar fylkesavdeling. Representantskapa i avdelingane foreslår tre representantar, ein frå kvar seksjon. Dei innstilte skal ikkje vere organisasjonstillitsvalde som er frikjøpte på heiltid. Valkomiteen innstiller på landsmøtet på kven av dei tre foreslåtte som skal vere fast representant. Dei to andre er vararepresentantar. Det skal strevast etter at ingen profesjon blant dei faste representantane med stemmerett i landsstyret har fleirtal åleine. Minst 50 prosent skal vere kvinner. Det er ei målsetjing at dei viktigaste sektorane/tariffområda blir representerte.
  - 11.3 Ein representant og to vararepresentantar til landsstyret frå velferdsvitarane
  - 11.4 Leiar og to medlemmer til kontrollkomiteen
  - 11.5 Val av valkomité. Leiar og 6 medlemmer, jf. § 10.2

- 11.6 Yrkesetisk råd
- 11.7 Andre tillitsvalde
- 11.8 Representantar med vararepresentantar til LOs representantskap

Landsmøtet kan ikkje avgjere saker som ikkje er sette opp på dagsordenen. Landsmøtet kan likevel med 2/3 fleirtal vedta å behandle forslag til utoverretta fråsegner. Landsmøtet vedtek under sak 5 på kva måte og i kva omfang dette skal skje.

### § 5.4 Stemmerett og reglar for behandling og avstemming

Alle lovleg valde delegatar og medlemmer av landsstyret har stemmerett.

Alle avstemmingar skal gjerast i eit samla landsmøte. Ved avstemming har kvar delegat éi stemme.

Dersom ikkje anna er bestemt, blir alle saker avgjorde ved votering med alminneleg fleirtal. I tilfelle med likt stemmetal er forslaget forkasta. Ved val er kravet alminneleg fleirtal.

## § 6. Ekstraordinært landsmøte

Ekstraordinært landsmøte blir kalla inn etter vedtak i arbeidsutvalet, landsstyret eller landsmøtet, eller dersom minst 10 prosent av medlemmene skriftleg krev det.

Det blir avvikla etter dei same reglane som for ordinært landsmøte, men med ei innkallingstid på 2 månader.

Det kan berre gjerast vedtak i saker som er nemnde i innkallinga. Møtet kan ikkje hevast før protokollen for møtet er godkjend.

## § 7. Landsstyret

Landsstyret er høgste organ for FO i landsmøteperioden.

Landsstyret består av:

- Arbeidsutvalet
- 11 fylkesleiarar
- 11 landsmøtevalde representantar frå fylkesavdelingane jf. § 5.3



pkt. 11.2

- 1 landsmøtevald representant frå velferdsvitarane jf. § 5.3 pkt. 11.3
- 1 representant frå FO-Studentene

#### Disse deltek på landsstyret med tale- og forslagsrett:

- Ein representant frå FO-Studentene. FO-Studentenes medlem av landsstyret, og representanten som deltek, i tillegg til to personlege varaer for dei, blir begge valde på landstinget for FO-Studentene.
- Ein representant for dei tilsette. Denne representanten, i tillegg til ein vararepresentant, blir vald av og blant dei tilsette i FO. Representasjonen er ment å oppfylle § 9-19 i hovudavtalen.

Nestleiarane i fylkesavdelingane er vararepresentantar for fylkesleiarane. Fylkesavdelingsrepresentantane i landsstyret møter fast i dei respektive representantskapa og fylkesavdelingsstyra.

Landsstyret blir kalla inn minst 5 gonger i året. Innkallinga skal skje skriftleg med minst 4 veker varsel. Arbeidsutvalet kallar elles inn landsstyret når det er påkravd, eller når minst 2/3 av fylkesavdelingsrepresentantane i landsstyret krev det.

Landsstyret er vedtaksført når minst 2/3 av medlemmene er til stades.

Alle saker i landsstyret blir avgjorde ved alminnelig fleirtal. Ved likt stemmetal gjeld stemma til leiaren som dobbeltstemme, med unntak av ved val av leiar. Då blir valet avgjort ved loddrekking etter votering for andre gong.

Det blir ført protokoll frå landsstyremøta.

#### Ansvarsområdet til landsstyret:

- Vedta handlingsplanar på dei ulike politikkområda
- Vedta budsjett
- Vedta overordna tariffpolitikk
- Vedta målsetjingane og prioriteringane til forbundet framfor kvart tariffoppgjer
- Opprette stillingar lokalt
- Fastsetje lønns- og arbeidsvilkår for tillitsvalde
- Suspendere personar dersom tillitsvalde lokalt eller sentralt i organisasjonen ikkje utfører vervet sitt i tråd med vedtektene og

dei overordna politiske dokumenta

- Gjennomføre suppleringsval til landsmøtevalde organ ved fråfall
- Fastsetje mandat for yrkesetisk råd
- Velje forhandlingsutval for 2 år for sentrale tariffområde og vedta mandat for dei
- Velje velferdsvitarutval
- Velje ein delegat m/vara frå velferdsvitarutvalet til landsmøtet etter innstilling frå valkomiteen. Jf. § 5.2. og § 10.2.
- Opprette rådgivande utval etter behov
- Behandle søknader om å opprette landsomfattande og fylkesoverskridande klubbar
- Fastsetje grensene for organisasjonsområdet til kvar enkelt fylkesavdeling
- Fastsetje dei økonomiske rammevilkåra for fylkesavdelingane
- Behandle dispensasjonssøknader frå fylkesavdelingane om samansetjinga av styret for fylkesavdelingane
- Behandle innsend årsmelding og rekneskap frå fylkesavdelingane
- Ha overordna ansvar for kompetanse- og opplæringsplan for alle tillitsvalde
- Ha eit særskilt ansvar for å ta vare på interessene til profesjonane
- Opprette tre profesjonsråd og velje åtte medlemmer til kvart av dei. Dette skal skje på første landsstyremøtet etter landsmøtet. Fylkesavdelingane sender inn forslag på medlemmer til valkomiteen, som innstiller til landsstyret. Når landsstyret vel dei ulike profesjonsråda, er det berre representantar for profesjonen det gjeld, som har stemmerett.
- Vere ankeinstans for godkjenningutval
- Fremje profesjonsfaglege spørsmål i den offentlege debatten
- Behandle saker fremja av fylkesavdelingane
- Velje ein setjevalkomité på tre medlemmer seks månader før landsmøtet. Setjevalkomiteen er sett saman av ein medlem frå kvar profesjon. Setjevalkomiteen innstiller på medlemmer til valkomiteen som skal veljast på landsmøtet, og fungere mellom landsmøta.
- Velje FO-representantar med vararepresentantar til LO-kongressen

## § 8. Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet (AU) er det utøvande og høgste organet til FO mellom landsstyremøta.

Arbeidsutvalet består av 5 medlemmer (jf. § 5.3).

Administrativ leiar møter i arbeidsutvalet.

Representanten for dei tilsette møter med tale- og forslagsrett når dette organet behandlar saker som gjeld dei tilsette.

Arbeidsutvalet og medlemmer av arbeidsutvalet har eit heilskapleg ansvar for politikken til FO.

#### Ansvarsområdet til arbeidsutvalet:

- Representere FO utover
- Disponere vedtekne budsjett og godkjenne rekneskap
- Ta seg av løpande saker
- Leie arbeidet med tariffoppgjer i samsvar med formåla for forbundet og dei vedtekne målsetjingane og prioriteringane som til kvar tid gjeld
- Tilsetje administrativ leiding for FO
- Ha regelmessig kontakt med og oppfølging av fylkesavdelingane
- Behandle søknader om medlemskap, jf. § 3 punkt 2
- Koordinere dei organisatoriske og politiske førebuingane til landsstyremøte og landsmøte
- Kome med høringsuttalar
- Koordinere det profesjonsfaglege arbeidet i FO
- Følgje opp dei landsdekkjande faggruppene
- Behandle og førebu saker frå fylkesavdelingane for landsstyret

Medlemmene har møteplikt til arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet er vedtaksført når minst 3 av medlemmene er til stades. Alle saker i arbeidsutvalet blir avgjorde ved alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal gjeld stemma til leiaren som dobbeltstemme.

Det blir ført protokoll frå møta. Landsstyret tek protokollen til følgje.

Forbundsleiaren får fullmakt til å gjere vedtak mellom arbeidsutvalsmøta når dette blir rekna som nødvendig. Slike vedtak skal leggast fram for arbeidsutvalet i førstkomande møte.

## § 9. Seksjonane

### § 9.1 Seksjonane

Medlemmene i FO høyrer til ein av dei følgjande seksjonane:

- Barnevernspedagog
- Sosionom
- Vernepleiar

Velferdsvitarane høyrer til sosionomseksjonen.

Medlemmer som har andre utdanningar, jf. § 3.2, blir plasserte i seksjon etter følgjande prioriterte kriterium: arbeidsområde, utdanning, eige ønske frå medlemmen.

## § 10. Komitear, råd og utval

### § 10.1 Kontrollkomité

Landsmøtet vel ein sentral kontrollkomité som har til oppgåve å sørgje for at dei organisatoriske og økonomiske disposisjonane som blir gjorde, er i samsvar med vedtekter og vedtak i landsmøtet, landsstyret og AU.

Kontrollkomiteen skal i arbeidet sitt følge de vedtaka som er gitt i «Normalinstruks for forbundenes kontrollkomiteer», tilrådd av sekretariatet i LO.

Medlemmer i kontrollkomiteen kan ikkje ha andre verv som organisasjonstillitsvalde i FO.

### § 10.2 Valkomité

Valkomiteen, jf. § 5.3., pkt. 11.5, skal ha følgjande samansetjing:

Alle seksjonane skal vere representerte, og ingen seksjon skal ha fleirtal åleine. Kvar profesjon har to vararepresentantar, 1. og 2. vara. Leiaren i valkomiteen skal i tillegg ha to vararepresentantar, 1. og 2. vara, som blir valde blant medlemmene i valkomiteen.

Opggåvene til valkomiteen i landsmøteperioden er å innstille overfor landsstyret:

- Kandidatar for supplering til landsmøtevalde verv i perioden
- Medlemmer av profesjonsråd
- Medlemmer av arbeidsutval for faggruppene
- Medlemmer i velferdsvitarutvalet, jf. § 7
- Delegat med vara frå velferdsvitarutvalet til landsmøtet, jf. § 7
- Delegatar med vara til LO-kongressen

### § 10.3 Profesjonsråd

Profesjonsråda har ansvar for å arbeide med interessene til medlemmene i spørsmål som gjeld bachelorutdanningane og utdanningar utover bachelornivå, fagutvikling, fagkritikk, yrkesetikk og andre

profesjonsfaglege spørsmål.

For kvar enkelt seksjon blir det valt eit profesjonsråd av leiar (AU-medlem, jf. § 5.3 pkt. 11.1) og åtte medlemmer valde av landsstyret (jf. § 7, kulepunkt 21).

Velferdsvitarutvalet har ein representant i profesjonsrådet for sosionomar.

FO-Studentene vel inn ein representant med vara frå respektiv utdanning. Denne møter med tale-, forslags- og stemmerett.

#### Profesjonsrådet skal særleg:

- Stimulere til idéskaping, nettverksbygging og debatt på ulike arbeidsområde og i yrkesgruppa elles
- Medverke til å kritisk utvikle profesjonsfaget innanfor forskning, utdanning og i praksisfeltet
- Utvikle og leggje til rette for samarbeid mellom de tre seksjonane og andre fagmiljø
- Gi råd i sentrale spørsmål som gjeld kvar enkelt profesjon, utdanning, kompetansebehov, yrkesetikk m.m.
- Sikre samarbeid og samanheng mellom arbeidet i profesjonsråda
- Ha ansvar for å utvikle kontakt og samarbeid med dei lokale profesjonsutvala
- Tildele fagstipend

#### § 10.4 Landsomfattande faggrupper

Landsstyret kan vedta organisering av landsomfattande faggrupper.

Landsstyret vedtek mandat for faggruppene, og set av midlar til verksemda til faggruppene under den årlege budsjettbehandlinga.

#### § 10.5 Yrkesetisk råd

Landsmøtet vel yrkesetisk råd, som er sett saman av tre medlemmer frå kvar seksjon og ein frå velferdsvitarane. Berre éin av desse medlemmene kan ha ei anna utdanning enn bachelor som barnevernspedagog, sosionom, vernepleiar eller velferdsvitar. I tillegg oppnemner landsmøtet to eksterne medlemmer.

Mandatet til rådet er å medverke til etisk refleksjon og medvit blant profesjonsutøvarane, halde etisk diskusjon høgt på dagsordenen til organisasjonen og seksjonane, og behandle klager på profesjonsutøving.

Rådet tek imot førespurnader om råd og drøfting av etiske spørsmål.

Landsstyret fastset det endelege mandatet for rådet, til dette høyrer om rådet skal behandle klagesaker.

#### § 10.6 Godkjenningssutval

Landsstyret oppnemner godkjenningssutval for dei respektive seksjonane etter innstilling frå profesjonsråda.

## § 11. Fylkesavdelingane

#### § 11.1 Organisasjonsområdet til fylkesavdelinga

Landsstyret fastset grensene for organisasjonsområdet til kvar enkelt fylkesavdeling, jf. § 7, pkt. 15.

Fylkesavdelinga organiserer medlemmer av FO som arbeider eller studerer i organisasjonsområdet til fylkesavdelinga. For andre medlemmer gjeld bustadadresse. Landsstyret avgjer unntak frå desse reglane.

#### § 11.2 Oppgåvene til fylkesavdelinga

Fylkesavdelinga skal leggje opp aktiviteten sin i tråd med prioriteringar i landsmøtet og landsstyret.

#### Fylkesavdelinga har følgjande hovudarbeidsoppgåver:

- Ta vare på lønns- og arbeidsvilkåra til medlemmene
- Utvikle og halde ved like eit effektivt lokalt klubb- og tillitsvaldapparat innanfor alle sektorar og tariffområde
- Støtte og hjelpe dei klubbtiltalsvalde
- Vere bindeledd mellom medlem/klubb og forbundskontor i medlemssaker
- Drive tillitsvaldskolering og arrangere konferansar for tiltalsvalde
- Samarbeide med andre fylkesavdelingar om skolering av tiltalsvalde og bygging av fylkesoverskridande klubbar
- Drive aktiv medlemsverving og medlemsbevaring
- Sørge for at medlemmene får eit profesjonsfagleg tilbod på fylkesnivå
- Støtte opp om det helse- og sosialpolitiske arbeidet i forbundet og gi klubbane nødvendig støtte på dette området
- Drive politisk påverknadsarbeid
- Opprette, skolere og halde ved lag lokallag av FO-Studentene ved studiestadene i fylket

- Verve studentar ved bachelor- og masterutdanningane
- Arrangere årsmøte og representantskapsmøte i fylkesavdelinga
- Fremje aktuelle saker for landsstyret
- Samarbeide med andre fagorganisasjonar, profesjonar og ulike brukargrupper der dette er formålstenleg
- Sende årsmelding og rekneskap til landsstyret

### § 11.3 Årsmøte i fylkesavdelinga

Årsmøtet er det høgste organet i fylkesavdelinga og blir halde kvart andre år innan utgangen av mars.

Fylkesavdelingsstyret kallar inn til årsmøtet med minst seks vekers varsel. Medlemmer og klubbar som ønskjer å fremje forslag til årsmøtet, må gjere dette minst fire veker før årsmøtet blir halde.

Saker til årsmøtet med innstilling frå styret blir gjort tilgjengeleg for medlemmene minst to veker før årsmøtet blir halde. Saker som ikkje er førte opp på dagsordenen, kan behandlast dersom 2/3 av årsmøtet ønskjer dette.

Alle saker i årsmøtet til fylkesavdelinga blir avgjorde med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal gjeld stemma til leiaren som dobbeltstemme, unntateke ved val av leiar, då blir valet avgjort ved loddtrekking etter votering for andre gong.

#### Årsmøtet har følgjande dagsorden:

1. Opning
2. Konstituering
  - 2.1 Lovlegvurdering av innkallinga
  - 2.2 Val av dirigent(ar)
  - 2.3 Val av sekretær(ar)
  - 2.4 Val av protokollkomité
  - 2.5 Val av redaksjonskomité
  - 2.6 Val av teljekorps
  - 2.7 Godkjenning av sakliste og dagsorden
  - 2.8 Godkjenning av forretningsorden
3. Årsmelding
4. Rekneskap og årsmelding for kontrollkomiteen
5. Innkomne forslag og handlingsprogrammet til fylkesavdelinga
6. Økonomi
  - 6.1 Økonomiske prioriteringar for årsmøteperioden
  - 6.2 Budsjett
7. Fastsetjing av storleiken på og samansetjinga av

representantskapet (jf. § 11.4)

8. Val av:
  - a. Fylkesavdelingsstyret: leiar, nestleiar(ar), fylkessekretærar og minst fem styremedlemmer. Blant styremedlemmene skal det vere ein profesjonsfagleg ansvarleg for kvar seksjon, i tillegg til ein med kasserarfunksjon.
  - b. Profesjonsfaglege utval. Ved val av profesjonsfaglege utval har berre representantar frå den aktuelle seksjonen stemmerett.
  - c. Rådgivande utval
  - d. Valkomité
  - e. Kontrollkomité
  - f. Andre val

Alle medlemmer av fylkesavdelinga som er à jour med kontingenten, er valbare.

Representantskapet i fylkesavdelinga møter med tale-, forslags- og stemmerett.

Andre medlemmer av fylkesavdelinga har møte-, tale- og forslagsrett.

Ekstraordinært årsmøte kan haldast etter vedtak i styret for fylkesavdelinga, representantskapet, eller når minst 1/3 av medlemmene krev det skriftleg. Det blir kalla inn med minst tre vekers varsel, og det kan berre gjere vedtak i dei sakene som er melde i innkallinga.

Fylkesavdelinga sender innan fire veker etter årsmøtet kopi av protokollen til FOs arbeidsutval. Kopien skal omfatte årsmelding og rekneskap, jf. § 11.2., og årsmelding frå kontrollkomiteen.

### § 11.4 Representantskapet for fylkesavdelinga

Representantskapet er det høgste organet for fylkesavdelinga mellom årsmøta.

Representantskapet består av valde representantar frå klubbar, i tillegg til styret i fylkesavdelinga, inklusive landsstyrerepresentanten, leiarar for utvala i fylkesavdelinga og representantane frå FO-Studentene.

Årsmøtet vedtek storleiken på og samansetninga av representantskapet.

Fylkesavdelingsstyret kallar inn representantskapet til møte minst to gonger i året.

Medlemmene i representantskapet blir kalla inn med minst fire vekers

varsel. Fylkesavdelingsstyret kallar elles inn representantskapet når det meiner det er påkravd, eller når minst 2/3 av medlemmene i representantskapet krev det.

Representantskapet behandlar forslag til saker og val av delegatar til landsmøtet, og nominasjon av representant til landsstyret med vara. Dette skjer innanfor dei fristane som går fram av § 5.

Representantskapet vel året før årsmøtet ein setjevalkomite på tre medlemmer som er sett saman av éin person frå kva profesjon. Setjevalkomiteen innstiller på medlemmer til valkomiteen som skal veljast på årsmøtet, og fungere mellom årsmøta. Det første representantskapsmøtet i det året det ikkje er årsmøte, vedtek budsjett for fylkesavdelinga, og godkjenner rekneskapen til fylkesavdelinga for året før.

Alle saker i representantskapet blir avgjorde med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal gjeld stemma til leiaren som dobbeltstemme, unnateke ved val av leiaren. Då blir valet avgjort ved loddrekning etter andre gongs votering.

Det blir ført protokoll frå representantskapsmøta.

### § 11.5 Fylkesavdelingsstyret

Fylkesavdelingsstyret er utøvande organ for fylkesavdelinga. Fylkesavdelingsstyret blir sett saman slik at ingen seksjon har fleirtal åleine. Ei anna samansetjing krev dispensasjon frå landsstyret.

Medlemmer av fylkesavdelingsstyret har tale-, forslags- og stemmerett.

Landsstyrerepresentanten til fylkesavdelinga møter fast i fylkesavdelingsstyret med tale-, forslags- og stemmerett.

FO-Studentene vel to representantar til fylkesavdelingsstyret, der den eine av dei har tale-, forslags- og stemmerett. Den andre representanten har tale- og forslagsrett. Der fylkesavdelinga omfattar fleire enn eitt lokallag, skal det veljast ein representant med tale- og forslagsrett for kvart av lokallaga elles.

Fylkesavdelingsstyret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades. Ved likt stemmetal gjeld stemma til leiaren som dobbeltstemme. Fylkesavdelingsstyret fører protokoll frå møta sine.

Arbeidsutvalet for fylkesavdelingsstyret består normalt av leiaren, nestleiaren og fylkessekretæren. Utvalet fungerer mellom styremøta etter fullmakt gitt av fylkesavdelingsstyret.

Mellom møta i arbeidsutvalet for fylkesavdelingsstyret har leiaren fullmakt frå arbeidsutvalet for fylkesavdelingsstyret.

### § 11.6 Utvala til fylkesavdelingane

#### § 11.6.1 Kontrollkomité

Kontrollkomiteen består av tre medlemmer som årsmøtet har valt, og skal i arbeidet sitt følgje dei reglane som står i «Normalinstruks for forbundenes kontrollkomiteer», tilrådd av sekretariatet i LO. Medlemmer i kontrollkomiteen kan ikkje ha andre verv som organisasjonstillitsvalde i fylkesavdelinga.

#### § 11.6.2 Valkomité

Valkomiteen består av like mange medlemmer frå kvar seksjon. Valkomiteen blir vald av årsmøtet, og førebur val til påfølgjande årsmøte i tillegg til suppleringsval i perioden og delegatar til landsmøtet.

#### § 11.6.3 Rådgivande utval

Fylkesavdelinga kan ha følgjande rådgivande utval:

- Tariffpolitisk utval
- Helse- og sosialpolitisk utval
- Kvinnepolitisk utval
- Internasjonalt utval
- Seniorpolitisk utval

Desse utvala blir valde av årsmøtet med mindre styret får fullmakt til det. Utvala skal fortrinnsvis setjast saman slik at alle seksjonane er representerte.

#### § 11.6.4 Profesjonsfaglege utval

Profesjonsfagleg utval blir valde av årsmøtet med mindre styret får fullmakt til det.

Det blir valt eit profesjonsfagleg utval for kvar seksjon, med profesjonsfagleg ansvarleg som leiar, eller det blir valt eit felles profesjonsfagleg utval. Dersom det blir valt eit felles profesjonsfagleg utval, skal dette setjast saman slik at ingen seksjon har fleirtal åleine. Alle seksjonane må vere representerte. Ein av dei profesjonsfagleg ansvarlege i fylkesavdelingsstyret blir vald som leiar av utvalet.







## § 12. Klubbar

### § 12.1 Organisasjonsområdet til klubben

Som hovudregel skal alle FO-medlemmer som er tilsette i ei verksemd, organiserast i ein felles klubb.

Enkelte klubbar kan vere fylkesavdelingsoverskridande eller landsomfattande, alt etter korleis den enkelte verksemda er organisert.

Landsstyret godkjenner oppretting av fylkesavdelingsoverskridande og landsomfattande klubbar (jf. § 7).

### § 12.2 Ansvar til klubben

Klubben vel tillitsvalde etter hovudavtalen. Dei representerer medlemmene overfor arbeidsgivaren.

Klubben vel også representantar til representantskapet for fylkesavdelinga.

### § 12.3 Oppgåvene til klubben

Dei viktigaste oppgåvene til klubben er å:

- Ta vare på interessene til FO-medlemmene som arbeidstakarar og profesjonsutøvarar innanfor verksemdene
- Arbeide for å rekruttere og behalde medlemmer
- Halde medlemsmøte etter behov

### § 12.4 Organisasjonsmodell for klubben

Klubbane er normalt organiserte etter ein allmøtemodell, men kan organiserast etter ein representantskapsmodell, avhengig av storleik, geografiske forhold m.m. Ei slik organisering må godkjennast av styret for fylkesavdelinga etter søknad frå klubben. Fylkesavdelingsoverskridande klubbar blir normalt organiserte etter representantskapsmodellen.

I allmøtemodellen blir alle medlemmene av klubben kalla inn års- og medlemsmøte.

I representantskapsmodellen er det dei FO-tillitsvalde i klubbens organisasjonsområde som blir kalla inn til års- og representantskapsmøte.

Representantskapsmodellen føreset at det blir lagt til rette for medlemsmøte eller liknande innanfor kvar enkelt av dei avgrensa geografiske administrative/organisatoriske einingane eller andre einingar av organisasjonsområdet til FO-klubben.

### § 12.5 Årsmøte for klubben

Årsmøtet er det høgste organet for klubben og blir halde minimum annakvart år. Årsmøtet i klubben blir kalla inn med minst 14 dagars varsel. Årsmøtet blir halde innan utgangen av februar.

Årsmøtet har følgjande dagsorden:

1. Opning
2. Konstituering
  - a Lovlegkontroll av innkallinga
  - b Val av dirigent(ar)
  - c Val av sekretær(ar)
  - d Val av protokollkomité
  - e Godkjenning av dagsorden og forretningsorden
3. Årsmelding
4. Innkomne forslag
5. Val av:
  - a Hovudtillitsvald
  - b Klubbstyre: Leiar og styremedlemmer (eventuelt med nemningane nestleiar/sekretær/kasserar/profesjonsfagleg ansvarlege/styremedlemmer m.m.).
  - c Representant(ar) til representantskapet i fylkesavdelinga
  - d Andre val

Klubbar som har eigen økonomi, må også behandle rekneskap og budsjett.

Alle sakene i årsmøtet for klubben skal avgjerast med alminneleg fleirtal.

Årsmøteprotokollen skal gjerast tilgjengeleg for alle medlemmene i klubben. Protokollen skal sendast til fylkesavdelinga seinast fire veker etter årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte kan haldast etter vedtak i klubbstyret, medlemsmøtet/representantskapet, eller når minst 1/3 av medlemmene skriftleg krev det. Det blir kalla inn med minst éi veker varsel, og det kan berre gjerast vedtak i dei sakene som er melde i innkallinga.

## § 13. FO-Studentene

FO-Studentene er ei samanslutning av studentmedlemmene i FO og underlagd landsmøtet. Organiseringa er landsomfattande, der lokallaga er representerte i aktuelle fylkesavdelingar, og fylkesavdelingane skal støtte arbeidet i lokallaga, jf. § 11.2 kulepunkt 11. Arbeidsutvalet i FO-Studentene er underlagt landstinget for FO-Studentene. Landstinget for FO-Studentene fastset vedtektene for FO-Studentene.

Aktivitetane til FO-Studentene blir finansierte gjennom årlege løyvingar i landsstyret.

## § 14. Kvotering

Ved val til landsmøtet, landsstyret, arbeidsutvalet, fylkesavdelingsstyra og vedtektsfesta komitear, råd og utval skal minst 50 prosent av dei valde vere kvinner.

Ved val til klubbstyre og andre råd og utval lokalt og sentralt skal ein arbeide for at minst 50 prosent av dei valde er kvinner.

Ved vala skal ein også arbeide for eit mangfald når det gjeld alder, etnisitet og tariffområde/ sektor.

## § 15. Tidsskrift

FO gir ut tidsskriftet *Fontene* med jamlege utgåver av spesialnummeret *Fontene Forskning*. Landsstyret fastset formål, utgivingsfrekvens og omfang for tidsskrifta.

## § 16. Økonomi/kontingent

### § 16.1 Kontingent

Med kontingent er meint det medlemmene betaler for medlemskapen sin i FO.

Landsmøtet fastset FOs ordinære kontingent for yrkesaktive medlemmer.

Landsstyret fastset kontingenten for dei andre medlemskategoriane.

Yrkesaktive medlemmer betaler kontingenten fortrinnsvis ved lønnstrekk.

### § 16.2 Fylkesavdelingstilskot

Landsstyret fastset fylkesavdelingstilskotet under den årlege budsjettbehandlinga.

### § 16.3 Ekstrakontingent ved arbeidsstans

Ved arbeidsstans i samband med tariffkrav kan landsstyret vedta ekstrakontingent.

## § 17. Rekneskap/revisjon

### § 17.1 Årsrekneskap og revisjon

Den samla rekneskapen for FO blir gjord opp og revidert ved avslutninga av kvart rekneskapsår.

Revisjonen skal utførast av statsautorisert revisor.

### § 17.2 Årsrekneskap

Den samla rekneskapen for FO, revisjonsmeldinga og årsmeldinga frå kontrollkomiteen blir sende til landsstyret til orientering ved avslutninga av kvart rekneskapsår.

Rekneskap og revisjonsmeldingar blir lagde fram for landsmøtet til orientering.

## § 18. Uravstemming over tariffresultat

Sjå LOs vedtekter § 14 om tariffkrav og tariffrevisjonar og § 15 om avstemming over tarifforslag – arbeidsstans. Tarifforslag skal leggast fram for dei medlemmene som interessetvisten gjeld. For at avstemmingsresultatet skal gi eit fullverdig uttrykk for viljen hos medlemmene, skal det gjennomførast ei uravstemming, jf. vedtektene til LO.

## § 19. Stønad under arbeidsstans

Alle medlemmer som er omfatta av arbeidsstans (streik eller lockout etter vedtak i samsvar med § 18), har rett på stønad. Landsstyret fastset satsane for stønad.

Tek medlemmer anna arbeid, må dei gi melding om dette til streike- eller lockoutkomiteen i fylkesavdelinga. Så lenge medlemmen har slikt arbeid, fell stønaden bort.

Medlemmer som var sjukmelde då arbeidsstansen blei sett i verk, har krav på stønad frå den dagen dei blir friskmelde mot at dei legg fram legeattest.

Medlemmer som var skrivne ut til vernepliktsteneste då arbeidsstansen blei sett i verk, får stønad frå den dagen dei blir dimitterte.

## § 20. Utmelding

### § 20.1 Ordinær utmelding

Utmelding skjer skriftleg. Kontingenten blir betalt ut den månaden utmeldinga skjer.

### § 20.2 Utmelding ved skuldig kontingent

Ein medlem som skuldar kontingent, blir rekna som utmeld av forbundet etter to puringar.

### § 20.3 Utmelding i samband med arbeidskamp

Utmelding kan ikkje skje så lenge forbundet er i arbeidskamp, dvs. frå og med datoen for varselet om plassfråtrekinga.

## § 21. Suspensjon/eksklusjon

### § 21.1 Grunn til suspensjon og eksklusjon

Ein medlem kan suspenderast eller ekskluderast dersom ho eller han set seg ut over desse vedtektene, det etiske grunnlagsdokumentet til forbundet eller på annan måte kan haldast for å ha handla til alvorleg skade for yrket sitt eller organisasjonen sin.

Ein medlem kan suspenderast eller ekskluderast dersom ho eller han er tilslutta rasistiske/nazistiske og/eller fascistiske organisasjonar eller openlyst gir til kjenne at dei støttar slike.

### § 21.2 Vedtak om suspensjon og eksklusjon (eksklusjon)

Arbeidsutvalet kan gjere vedtak om suspensjon. Dersom grunnlaget er av yrkesetisk karakter, blir saka behandla etter at yrkesetisk råd har behandla saka og kome med si innstilling. Vedtak gjeld til landsstyret gjer vedtak om eksklusjon eller frifinjing.

### § 21.3 Høve til å anke

Eit vedtak om suspensjon kan innan éin – 1 – månad etter at medlemmen har fått skriftleg varsel om det, klagast inn for landsstyret utan at klaga har utsetjande verknad. I slike tilfelle gjeld reglane i forvaltningslova.

### § 21.4 Gjenopptak som medlem

Ein medlem som har vore ekskludert, kan takast opp igjen som medlem etter vedtak i landsstyret. Den suspenderte/ekskluderte har høve til å leggje avgjerda fram for landsmøtet.

### § 21.5 Møterett ved behandling

Ein medlem som er foreslått suspendert/ekskludert, har rett til å få gjere greie for synet sitt i forkant av behandlinga i arbeidsutvalet/ landsstyret. Kva måte dette skjer på, blir avtalt i kvart enkelt tilfelle ut frå praktiske omsyn.

## § 22. Vedtekstendringar

Endringar i vedtektene blir vedteke på landsmøtet med 2/3 fleirtal.

## § 23. Avvikling av FO

Avvikling av FO kan skje dersom landsstyret set fram forslag om det overfor landsmøtet og forslaget blir vedteke med 5/6 av dei gitte stemmene.



Stå opp  
for tryggleik

### Kontakt oss

Fellesorganisasjonen (FO)  
Mariboegate 13  
Pb 4693 Sofienberg  
0506 OSLO

[kontor@fo.no](mailto:kontor@fo.no)  
+47 919 19 916



Fellesorganisasjonen (FO) er fagforeininga og profesjonsforbundet for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar.  
[fo.no](http://fo.no)